

ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT 17.FEBRUAR 2019, KL 9.00, SCANDIC SEILET HOTELL

Møteleiar: Atle Arnesen

Marianne Eltvik ønskjer velkomen.

Atle Arnesen opnar møtet.

Innkalling, sakliste godkjend.

Ragnar Aaflot og Jan Ove Stene vald til å skrive under protokoll.

Solrunn Hol er referent.

Marianne heldt leiars tale. Ingen innspel.

Årsmelding 2018: Marianne leste styret si årsmelding.

Atle Arnesen heldt opprop. 36 stemmeberettiga.

Kristian Indreeide gjekk gjennom årsmeldinga sin del om rovvilt.

Ragnhild Tokle orienterte om arbeidet med radiobjellene og e-bjellene i 2018.

Merethe Hellevik gjekk gjennom årsmeldinga til Møre og Romsdal Gjetarhundlag.

Tilføyelse til årsmeldinga, frå Jon Kåre Løvoll: Årets lokallag, Gjemnes Sau og Geit

Tore Gjelsten, Vestnes: skryt til styret for god jobb i 2018, for formidling av informasjon ut til lokallaga.

Ola Steinsvik, Volda: syns det skulle stått noko om avlsarbeidet i fylket. Eit av dei viktigaste arbeida ein gjer.

Årsmeldinga samrøystes godkjend.

John Folde Engdal la fram resultatrekneskapet og balansen.

Synnøve Kjelstad, Sunnylven: Honorar til leiar i avlsutvalet? Korleis har dette forsvunne ut av rekneskapen?

Atle Arnesen las opp revisormeldinga. Underskreven av Ivar Vullum og Lars Innreiten.

Rekneskapet samrøystes godkjend.

John Folde Engdal seier at kasserarjobben burde verte gjort av ein som set i styret. Vanskeleg å få eit rekneskap i balanse, so treng tett oppfølging av budsjettet gjennom året. Til orientering til årsmøtet.

Pause

Marianne Eltvik la fram handlingsplan/strategiplan for 2019.

Tore Gjelsten, Vestnes: Få NSG på offensiven? Kva meiner ein her?

Brian Nielsen svarar kva ein tenker om det. Meir, og raskare, dialog og kommunikasjon frå NSG sentralt.

Ola Steinsvik, Volda: Kva er tenkt sentralt om grillaksjon i 2019?

Ken Lunn, NSG: Det vert ei sak på årsmøtet sentralt. Ønske om å vidareføre det, men avheng av eit godt samarbeid med Nortura.

Jan Ove Stene, Haram: Lammekotelettar er vanskeleg å grille. Skeptisk til å servere dette på ein grillaksjon.

Solrunn Hol: Produkta som har vore nytta i aksjonane har vore lammepølser og grillskiver.

Per Oddbjørn Røkkum, Surnadal: Har gått greitt og grille produkta. Aksjonane har vore vellukka og mykje positive tilbakemeldingar.

Ronald Slemmen; Fræna: Stor skilnad på by og land.

Ola Steinvik, Volda: Vanskeleg å få folk til å stille. Prøve bruke profesjonell grillperson.

Ola Kvendset, Surnadal: Kvifor importerar Nortura lammekjøtt dei ikkje må? Meir press på Nortura for at dei unngår dette.

Ken Lunn: Set pris på innspel i forhold til grillaksjonen. Viktig å skape blest.

Bjørn Helge Smiseth, Sunndal: Finst ikkje saukjøtt i butikkane. Må vere tilgjengeleg. Arbeide for å endre på dette.

Atle Arnesen: Fortalde om at dei inviterte konsernsjefen i Nortura på sauesanking. Strategisk lur.

Ola Steinsvik, Volda: Ta med i handlingsplana at ein burde følge opp noko liknande som invitasjonen av Norturasjefen.

Jan Ove Stene, Haram: Hverdagsslamprodukta; måtte etterspør produkt ein stad, «overskot» i andre butikkar slik at det hamna i frysedisken til halv pris.

Atle Arnesen: Tiltak for å få opp sal og dermed innteninga til sauebøndene.

Handlingsplana samrøystes vedteke.

Innkommen sak frå lokallag: Ny leigeavtale for elektronisk sporingsutstyr

Brian Nielsen og Ragnhild Tokle la fram forslag til ny leigeavtale, mellom fylkeslaget og dei som leiger.

Jan Ove Stene, Haram: Punktet om fakturering innan 15.juni burde ikkje stå.

Ragnhild Tokle: Kunne vere at ein burde ta med punkt om at betaling er godkjenning av avtalen, då det er vanskeleg å få inn underskrifter på alle avtalane.

Synnøve Kjelstad, Sunnlyven: Burde vere noko form for godkjenning av avtalen utanom betalinga.

Ola Steinvik, Volda: Fornuftig å krevje betaling på forskot? Men argument i mot også.

Ken Lunn: Bekreftelse kan kanskje gjerast gjennom innbetaling av depositum, eller via e-post eller sms.

Jan Ove Stene; Haram: Utdeling av batteri skjer kvart år, kan ein skrive under då?

Per Oddbjørn Røkkum, Surnadal: Utdeling av batteri/bjeller kan vere godkjenning av avtale?

Atle Arnesen: Stemming for å godkjenne avtale med mulighet for Ragnhild og formulere noko om korleis leietakar godkjenner avtalen.

Tore Gjelsten, Vestnes: Mykje uteståande, er dette eit problem?

Per Oddbjørn Røkkum, Surnadal: Fordel om faktureringa skjer på eit tidlegare tidspunkt.

Slik avtalen er presentert, med innspel om formulering for korleis avtalen vert godkjent av leigetakarane, vart godkjend av årsmøtet.

Pause

John Folde Engdal la fram budsjett. Eit for full aktivitet, og då med underskot, og eit i balanse.

Brian Nielsen orienterte om tankane gjort i styret.

Tore Gjelsten, Vestnes: Tilbakeføring av medlemskontingent frå sentralt. Kor stor er den andelen og kor tid vart denne justert sist?

Ken Lunn: Dette vert sak på årsmøtet sentralt.

Per Oddbjørn Røkkum, Surnadal: Justering av sauetalet på MinSide for å få riktig kontingentsats.

Brian Nielsen: Kven skal ha ansvar for dette?

John Folde Engdal: Verving har stort potensial.

Ragnar Aarflott: For å redusere utgiftene til møtegodtgjersle, kunne eit hatt fleire telefonmøter?

Brian Nielsen: Har hatt 5 telefonmøter i 2018. Må ha fysiske møter for å få framdrift. Men har vore fleire møter totalt i 2018 pga ekstra aktivitet.

Jan Ove Stene, Haram: Meir i tilbakeføring av kontingent vil nok seie auka sats. Muleg den er høg nok allereie? Endre intervallet for skillet på kontingentsats. For utsendingane til årsmøtet sentralt; ta med at buskapsstorleiken i fylket er litt lågt.

Tore Gjelsten, Vestnes: Tilbakeført kontingent; samanlikne andelen med andre faglag. Ta med innspela til årsmøtet sentralt.

Annika Hove, Hareid: Dersom fylkesstyret føler arbeidsmengda aukar burde det vere eit argument for å auke overføringa frå sentralt.

Ken Lunn: Fylkeslaga har mulegheit for å søke om midlar til ekstraordinære tiltak.

Brian Nielsen: Møre og Romsdal søkte om tilskudd til lokallaga som møter på årsmøte, men fekk avslag.

Synnøve Kjelstad, Sunnylven: Auka aktivitet no, so uheldig å senke budsjettet no. Lokallag med god økonomi har det gjerne pga midlar frå Organisert beitebruk. Desse tilhøyrrer beitebrukarane, ikkje NSG, so NSG kan ikkje krevje at desse midla skal brukast.

Budsjett, alternativ 2 (med underskot), vart samrøystes vedteke.

John Folde Engdal orienterte om radiobjelle delen av budsjettet.

Budsjettet for radiobjelle virksomheta vart samrøystes vedteke.

Bjørn Ølander orienterte om valkomiteen sitt arbeid, og la fram valkomiteen si innstilling.

Valt til tellekorps: Annika Hove og Merethe Hellevik

Irene Røe Vaagan: Forslag om Marianne Eltvik som motkandidat for leiarvervet.

Brian Nielsen: Meiner fylkeslaget treng ein annan leiar enn Marianne Eltvik.

Ronald Slemmen presenterte seg sjølv.

Marianne Eltvik presenterte seg sjølv.

Solrunn Hol kom med innspel angående at Brian Nielsen har teke ansvar, ikkje vore vanskeleg.

Bjørn Ølander orienterte om svar dei mottok frå Marianne angående val. Ho stilte seg til disposisjon som leiar eller styremedlem.

Brian Nielsen orienterte nærare om sitt utsagn.

Innsamling av stemmesetlar.

35 røysteføre. (Ola Steinsvik har forlete møtet før valet.) 28 stemmer til Ronald Slemmen. 7 stemmer til Marianne Eltvik.

Marianne Eltvik trekker seg som kandidat til styret.

Jan Ove Stene, Haram: Oppfordrar Marianne til å revurdere trekkinga si.

Marianne Eltvik opprettheld beslutninga si om å trekke seg.

Jan Ove Stene, Haram: Skryt av Marianne si kontakt med lokallaga. Og meiner ho bør seie ja til å fortsette i styret.

Jannicke Tafjord, Eidsdal og Norddal: Er det krav om kjønnsfordeling i styret?

Atle Arnesen: Ikkje krav om kjønnsfordeling i styret i følgje vedtektene.

Bjørn Ølander: Foreslår pause, for at ein kan områ seg og komme med kandidat.

Svanhild Kvenberg, Nesset: Viktig at det vert eit styre som fungerer i lag.

Pause

Simen Myrseth, Gjemnes: Forslag om Anlaug Rekaa som ny styremedlem for 2 år.

Anlaug Rekaa, Gjemnes presenterar seg sjølv.

Bjørn Ølander: valkomiteen sluttar seg til forslaget om Anlaug. Foreslår Jarle Hauge som ny varakandidat.

Val av varakandidatar medan teljekorpset teljer stemmer. Ikkje krav om skriftleg røysting frå nokon. Alle tre varakandidatar vald ved akklamasjon. 1.vara Stig Even Kvernberg, 2.vara Jarle Hauge og 3.vara Synnøve Kjelstad.

Val av revisorar. Ivar Vullum og Asbjørn Heggem vald ved akklamasjon.

35 røysteføre. 34 stemmer for Kristian Indreeide og Anlaug Rekaa. 1 stemme for Anlaug Rekaa.

Val av nestleiar. Jon Kåre Løvoll vald ved akklamasjon.

John Folde Engdal ønsker at nokon i styret tek kasserarjobben. Men har samstundes sagt til valkomiteen at han kan stille eit år til, men har ikkje nødvendigvis anledning til å stille på styremøta.

Val av møteleiar for neste årsmøte. Synnøve Kjelstad vart vald ved akklamasjon, og Jarle Hauge som vara.

Val av valkomite.

Tore Gjelsten, Vestnes foreslår Jannicke Tafjord, men ho seier nei.

Synnøve Kjelstad, Sunnylvn, foreslår Solrunn Hol.

Jan Ove Stene, Haram, foreslår Irene Røe Vaagan, men ho seier nei.

Ola Kvendset, Surnadal. Foreslår John Folde Engdal, men han seier nei.

John Folde Engdal foreslår Einar Botten.

Atle Arnesen: Foreslår Solrunn Hol for 2 år og Einar Botten 3 år.

Vald ved akklamasjon.

Forslag om Simen Myrseth som vara til valkomiteen. Vald ved akklamasjon.

Val av utsendingar til årsmøtet i Norsk Sau og Geit, mars 2019.

Bjørn Ølander: Forslag Ronald Slemmen, Jon Kåre Løvoll og Brian Nielsen. Vara Anlaug Rekaa, Kristian Indreeide og Stig Even Kvernberg.

Vald ved akklamasjon.

Satsar for møtegodtgjersle, uendra frå tidlegare, vedteke.

Atle Arnesen takkar for seg som møteleiar.

Bjørn Ølander delte ut blomster til Marianne Eltvik og Solrunn Hol, som går ut av styret.

Ronald Slemmen oppfordra medlemmane til å ta kontakt med han, eller andre i styret.

Lunsj

Møtet slutt kl 13:15.

Jan Ove Stene

Ragnar Aarflot

Atle Arnesen

